

**BRUKARUTVALET I HELSE MØRE OG ROMSDAL HF**

Protokoll nr. 01/17

Møte 19.02.2018

Tilstades: X

**Medlemmer:**

- X Ingrid Løset, leiar
- X Ann Helene Skare, nestleiar
- X Atle Tangen
- Hilde Marie Kleiven
- X Anne Grete Mogstad
- X Asbjørn Ringdal Gausdal
- X Torill Bøe
- X Inger Nossen Sandvik
- X Jakob Strand

**Varamedlemmer:**

- Daniel Ask
- Ann Elida Solheim
- X Anton Iversen

**Administrasjonen/Stab:** Ass. direktør Helge Ristesund  
Randi Spjelkavik Ramnefjell, sekretær

**Andre:** Ungdomsrådet v/leder Benjamin Vågen og koordinator Elin Fladseth  
Rådgiver Lena Bjørge Waage v/Samhandlingsavdelinga  
Seksjonsleiar Leif-Erling Løvoll, Klinikk for drift- og eigedom

Møtet i Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF vart halde på Ålesund sjukehus – Styrerrommet kl. 10:00.

Leiar Ingrid Løset starta med å ønske alle velkomen.

Følgjande saker vart behandla:

**BU 1/2018**      **Godkjenning av innkalling og sakliste samt underskrift av protokoll nr. 08/17 frå møte 28.11.2017.**

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkalling og sakliste til møte 19.02.2018.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkallinga og saksliste til møtet 19.02.2018.

Protokoll nr. 08/17 som vart godkjent i møte 28.11.17, vart underskriven av brukarrepresentantane.

**BU 2/2018      Orientering frå Ass. direktør**Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek informasjonen til vitande.

Protokoll:

Ass. direktør orienterte om:

- Utfordringar hjå ortopedisk avdeling og medisinsk avdeling grunna influensasesongen og vintersesongen.
- Status SNR
- Helseplattforma

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek saka til vitande.

**BU 3/2018      Orienteringssaker**Innstilling:

1. Introduksjon av ungdomsrådet v/Leiar Benjamin Vågen og koordinator Elin Fladseth
2. Oppnemning av brukarrepresentant til forhandlingsutvalet for revisjon av Samhandlingsavtala
3. Oppnemning av brukarrepresentant til styringsgruppe for arbeid med barn
4. Helse Møre og Romsdal HF – Tilleggsdokument til styringskrav og rammer 2017
5. Oppnemning av brukarrepresentant til forskingsprosjekt for å kvalitetssikre tilbod til pasientar på Nordmøre, klinikk for psykisk helsevern Kristiansund sjukehus
6. Orientering om utviklingsplan og den bygningsmessige utviklingsplanen
7. Drøfting – Synspunkt frå Brukarutvalet vedrørende representasjon i klinikkråd og samarbeidsråd
8. Informasjon om Handikap parkeringsplassar Ålesund sjukehus v/seksjonsleiar Leif-Erling Løvoll
9. Orientering av egenkost ved sjukehushotellet v/avdelingssjef Jorunn Bøyum
10. Val av brukarrepresentant til planlegging av revisjon for pasientforløpet «Barseltida i HMR».

Protokoll:

1. Introduksjon av ungdomsrådet v/Leiar Benjamin Vågen og koordinator Elin Fladseth:
  - Det var orientert om Ungdomsrådet sitt arbeid i helseføretaket og introduksjon av alle medlemmane i Ungdomsrådet
2. Oppnemning av brukarrepresentant til forhandlingsutvalet for revisjon av Samhandlingsavtala:
  - Ingrid Løset medlem. Inger Nossen Sandvik varamedlem.
3. Oppnemning av brukarrepresentant til styringsgruppe for arbeid med barn som pårørende:
  - Ann Helen Skare representant og Judith Fugelsnes vararepresentant
4. Helse Møre og Romsdal HF – Tilleggsdokument til styringskrav og rammer 2017:
  - Styringsdokument for 2018 sendast Brukarutvalet så snart det er klart. Forespørsel vedrørende styringsdokument 2017 vert følgd opp av administrasjonen.
5. Oppnemning av brukarrepresentant til forskingsprosjekt for å kvalitetssikre tilbod til pasientar på Nordmøre, klinikk for psykisk helsevern Kristiansund sjukehus:
  - Daniel Ask og Per Gimnes medlemmer
6. Orientering om utviklingsplan og den bygningsmessige utviklingsplanen (Vedtak kjem under BU-sak 6/2018)
7. Drøfting – Synspunkt frå Brukarutvalet vedrørende representasjon i klinikkråd og samarbeidsråd
8. Informasjon om Handikap parkeringsplassar Ålesund sjukehus v/seksjonsleiar Leif-Erling Løvoll
  - Brukarutvalet tek saka til orienteringa og ber om at Brukarutvalet vert orientert før det vert gjort endringar
9. Orientering av egenkost ved sjukehushotellet v/avdelingssjef Jorunn Bøyum
  - Vert utsatt til møte i mars
10. Val av brukarrepresentant til planlegging av revisjon for pasientforløpet i «Barseltida i HMR».
  - Utsatt inntil vidare.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek sakane til orientering.

**BU 4/2018 Referatsaker**Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, tek protokollane til vitande.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek protokollane opp att på eit seinare møte

**BU 5/2018 Etablering av Distriktsmedisinsk senter i Kristiansund**Innstilling:

Vedlagt følgjer styresak 5/2018 – Etablering av Distriktsmedisinsk senter i Kristiansund

Styret skal behandle saka i styremøte 21.02.2018.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek saka til orientering og BU ser det som viktig at brukarrepresentant vert med i arbeidsgruppene som skal arbeide med dette.

**BU 6/2018 Utviklingsplanen HMR**Innstilling:

Vedlagt følgjer styresak 6/2018 – Utviklingsplanen HMR

Styret skal behandle saka i styremøte 21.02.2018.

Vedtak:

1. Brukarutvalet for HMR er sterkt uroa over om det er samsvar mellom intensjonane i Utviklingsplanen og den økonomiske bæreevna til Helse Møre og Romsdal HF.
2. Brukarutvalet legg til grunn at omsynet til god og sikker pasientbehandling blir styrande for arbeidet med oppfølging av utviklingsplanen.
3. Brukarutvalet meiner det bør settast enno sterkare fokus på samhandlingsperspektivet i Utviklingsplanen. Dette for å sikre rett behandling på rett nivå. Under dette bør det m.a satsast sterkare på opplæring og rettleiing av helse- og omsorgspersonell på kommunenivå både på medisinsk behandling og habilitering/rehabilitering. Vidare bør det vurderast

om det kan vere hensiktsmessig å satse meir på å sende nødvendig prøver frå lokalt legekontor før ein sender personar til sjukehus.

4. Brukarutvalet meiner det bør settast sterkare fokus på opplæring av pasientar og pårørande. Dette for å skape betre tryggleik og for å sette pasientar/pårørande betre i stand til å ta meir ansvar for eigen helsesituasjon. I opplæring og ved informasjon må det takast hensyn til at nokre pasientar/pårørande vil vere i ein sjokkfase som kan medføre at informasjon ikkje når fram. For desse må etablerast rutiner som kan sikre at dei kan ta til seg informasjon.
5. Brukarutvalet støttar vidareutvikling av pakkeforløp/standardiserte forløp. Det må likevel i den samanheng takast med at dette gjeld einskildindivid som kan nødvendiggjøre individuelle tilpassingar.
6. Brukarutvalet støttar utredning av PET- og PCI-behandling. Brukarutvalet meiner det her burde vore teke med at utredninga skal skje ut frå at det bør etablerast slike tilbod i HMR. Det er frå eit pasientperspektiv ikkje akseptabelt at det er så stor forskjell mellom kor mange som får slik behandling i dei ulike delane av HMN.
7. Brukarutvalet meiner det bør iverksettast arbeid med å sikre ein betre overgang frå barneavdeling til vaksenavdeling (18 års grense gjer ein stor forskjell i behandlingsopplegg).
8. Brukarutvalet støttar at det er svært viktig å ha rett kompetanse. I dette ligg både god nok pasientbehandling, men også rekruttering. I den samanheng bør det kunne vurderast om ein utan å redusere kvaliteten på nokre områder kan bruke anna kompetanse som t.d helsefagarbeidarar.
9. Brukarutvalet meiner det bør satsast på betre logistikk i forhold til pasientar som skal inn til spesialisthelsetenesta for fleire årsaker på kort tidsperspektiv. Dette med sikte på at det kan skje samstundes, noko som kan spare både tidsbruk for pasientar, reisekostnader og event. fråvær frå arbeid.
10. Brukarutvalet viser til at ein stor del av innleggingar skuldast feil legemiddelbruk. Brukarutvalet vil peike på at det bør vurderast om f.eks etablering av farmasøytisk poliklinisk tilbod kan vere eit tiltak for å redusere dette.
11. Brukarutvalet har registrert at det i media har vore fleire utspel frå tilsette i HMR som tyder på intern strid mellom ulike delar av helseføretaket. Dette kan også skape uro mellom pasientar/pårørande. Brukarutvalet meiner difor at det bør settast sterkare fokus på positiv, intern kulturbygging.
12. Brukerutvalget viser til sin uttale til utviklingsplanen pkt 6.9.1 vedrørande:
  - tilbod til barn og unge ved SNR
  - vaktberedskap innen Øye, ØNH avdeling ved SNR.

## 13. Bygningsmessige utviklingsplan HMR:

- Brukarutvalet er nøgd med at utviklinga i SNR no er komen inn i eit godt spor. Dette vil, når det nye sjukehuset er ferdig gi pasientar i den regionen eit godt tilbod samtidig som arbeidsplassen for dei tilsette vert godt tilrettelagt.
- Brukarutvalet meiner at ein i tilrådinga til styret ikkje i stor nok grad tek inn over seg at Volda, Ålesund sjukehus og dei andre institusjonane er ein minst like stor del av løysinga for ein likeverdig pasientbehandling over heile området til HMR. Ei nødvendig ombygging og modernisering av disse sjukehusa vil etter utvalet sitt syn gi eit avgjerande bidrag til ei framtidig økonomisk berekraft. Ei slik utvikling vil også gi dei tilsette ein betre arbeidsplass med den gevinst dette også vil gi for effektiv drift og rekruttering.
- Brukarutvalet er i samd med prosjektgruppa i at scenario 3 vil vere det beste alternativet for sjukehusa i Volda og Ålesund. Men under føresetnad av at arbeidet med å detaljprosjektere og gjennomføre det som er tilrådd som fase 1 vert starta opp med ein gang kan utvalet støtter dette som eit fyrste steg på vegen. Men det haster også med å få gjennomført resten av tilrådinga frå prosjektgruppa både når det gjeld vedlikehald og nybygging/øminnredning. Dette kan ikkje skyvast ut til langt inn i framtida. Ei slik negativ utvikling vil etter utvalet si meining gjere at pasientar vel vekk desse sjukehusa samstundes at ein svekker tilgangen til høgt kvalifisert fagpersonell. På sikt vil dette også svekke tilbodet til pasientane i heile HMR sitt område. Brukarutalet viser til ROS-analysen side 27 – Risiko 8, Ekspertgruppa si vurdering som etter utvalet si meining strekar under dette.

**BU 7/2018    Årleg melding 2017**Innstilling:

Vedlagt følgjer styresak 7/2018 – Årleg melding 2017

Styret skal behandle saka i styremøte 21.02.2018.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek framlegg til Årleg melding til vitande.

Brukarutvalet vil likevel peike på at det burde vore med noko om brukarmedverknad utover etablering av ungdomsråd, og også noko om korleis HMR følgjer opp det lovfesta kravet om opplæring av pasientar/pårørande.

**BU 8/2018    Drøfting – synspunkt frå Brukarutvalet om representantar i klinikkråd og samarbeidsråd**Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek saka til orientering.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF ber om at administrasjonen arbeider med å få etablert nye samarbeidsråd/kvalitetsråd i tråd med den nye organiseringa i helseføretaket og i tråd med kva utval ein ser det er naturleg med brukarmedverknad.

Her under:

- Mandat/reglement
- Funksjonstid
- Antall brukarrepresentantar
- Møtefrekvens

Brukarutvalet meiner at det som hovudregel bør være gjennomgåande representasjon, slik at minst 1 representant frå BU er med i alle samarbeidsråd/kvalitetsråd.

**BU 9/2018 Val av vararepresentant til styringsgruppe for barn som pårørende**Innstilling:

Styringsgruppa for barn som pårørende ynskjer ein vararepresentant frå Brukarutvalet.

Vedtak:

Viser til vedtak i orienteringssak BU 3/2018 – 3.

**BU 10/2018 Eventuelt**

- Ingrid Løset og Asbjørn Ringdal Gausdal deltek på styremøte 21.02.2018.
- Ingrid Løset og Ann Helene Skare deltek på styremøte 16.03.2018.
- Spørsmål vedrørende om eigenandel for ungdom med rus og psykiske problem vart reist. Brukarutvalet er uroa om dette er i samsvar med den vedtekne satsinga innanfor psykisk helse og ber om informasjon på eit seinare møte.
- Planlegging av nytt sjukehusapotek SNR – informasjon på neste Brukarutvalsmøte

**BU 11/2018 Godkjenning av protokoll nr. 01/18 frå møte 19.02.2018.**Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 01/18 frå møte 19.02.2018.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 01/18 frå møte 19.02.2018.

Møtet slutt kl. 15:07

---

Ingrid Løset

Ann Helene Skare

Jakob Strand

---

Atle Tangen

Anne Grete Mogstad

Anton Iversen

---

Asbjørn Ringdal  
Gausdal

Torill Bøe

Inger Nossen Sandvik